

Til: Kristian Eide Jensen, Odda kommune
Frå: Ivar Kalkvik, Norconsult AS
Dato/Rev: 2015-04-17
Kopi til: Eirin Sandstå, Norconsult AS. Bjørn Terje Taule, Norconsult AS.

Konsept for sykkelveggar i Odda. Områdereguleringsplan Odda smelteverk.

I Odda sentrum er det i dag ein strekning med rein sykkelveg mellom Odda brannstasjon og Bøgarden. Ut over dette vil syklistar i dag kunne nytte fortau, gang/sykkelveggar og kjørebanen på vegane i området utan noko vidare tilrettelegging. Gjennom pågåande planlegging rundt Odda smelteverk har ein høve til å sjå på eit meir overordna sykkelnettverk som er eksklusiv for desse brukarane. Det vil kunne vere eit verkemiddel for å auke mengda transport som vert gjort med sykkel framfor personbil. Til betre tilrettelagt eit sykkelvegssystem er, og til enklare syklisten vil føle at tilkomsten er, til meir ser ein føre seg at sykkeltransporten vil verta nytta. Ei auke i sykkeltransport vil både føre til ein miljøgevinst, gjennom mindre utslepp, men vil og kunne føre til ei betre folkehelse, gjennom at folk er meir fysisk aktive mellom heimen og arbeidsplassen.

I tettbygde områder arbeider ein med ekspress-sykkelveggar. Dette er veggar der syklisten har eksklusiv bruk på sykkelveg med god kurvatur, som fører til at dei kan halde høg fart, og at ein dermed vil sykle lengre avstandar i eit pendleperspektiv. I Odda vil ein kunne ha høve til å etablere slike veggar som er gjennomgåande mellom/langs bustadkonsentrasjonane og arbeidsplassane. Større mengder av arbeidsplassar har ein i Odda sentrum, i Tyssedal, på Eitheim og på Eide. Bustader har ein større mengder av dei same stadene. På denne måten vil eit sykkelnett fungere i begge retningar då folk bur og arbeider mellom dei forskjellige stadene. Fokus på sykkelveggar gjennom Odda sentrum kan difor konsentrere seg om aksane Freim-Eide (Rv 13N - Rv13S), Freim-Kalvanes (Rv 13N - Fv 550) og Kalvanes-Eide (Fv 550 - Rv 13S). Med eit overordna sykkelvegnett mellom desse aksane vil ein opne for betre moglegheiter for pendling og sykkelbruk til fritidsbruk, mellom dei viktigaste bu- og arbeidsområda, og vidare langs hovudvegaksane ut av Odda. Det er viktig at desse aksane har god kurvatur og at dei i minst mogleg grad kryssar trafikkerte veggar og gangveggar. Me foreslår eit triangel som går i desse aksane, i ytterkantane av Odda sentrum.

Svakheten med desse aksane er at dei ikkje vil gjere trafikk til/og frå Odda sentrum vesentleg raskare. Ein har ikkje datagrunnlag som tilseier om det er pendlepotensialet mellom næringsområda og buområda som gjev størst potensiale for auka sykkelbruk, eller om det er pendle-/og fritids-sykkelbruk til frå sentrum som er det store potensialet. Dette gjer at ein kan sjå på alternative trasear som er meir sentrumsnære. Desse må i større grad krysse trafikkerte veggar ol, men kan også betre tilfredstille gode sykkelvegløysingar gjennom sentrum.

I Odda sentrum må syklistar generelt akseptere å bevege seg på gåande og køyrande sine premiss utan at alle bygater kan ha eksklusive areal for sykkelbruk. Det kan likevel vere moglegheiter for å etablere sekundære aksar mellom «gjennomfartsaksane». Dette gjer at ein unngår for lange omveggar for sykkelvegane i sentrum. Det er trasear gjennom sentrum som kan tilfredstille kriteria som vil ytterlegare forenkle sykkelvegnettet til/frå og gjennom sentrumsområda. Dette vil kunne auke verdien av sykkelvegnettet, også i hovudaksane.

Det er utarbeidd eit kart som syner moglege trasear for desse gjennomfarts-sykkelvegane og sekundærvegane. Dette er gjort på eit overordna nivå, og nokre stader er det vist til alternative løysingar. Det vil likevel finnast alternative trasear som må avklarast på eit meir detaljert nivå i framtidige planar for slike veggar. Dei vegane som må avklarast i detalj i denne omgang er berre dei som kjem inn i planområdet for områdereguleringsplanen for Odda smelteverk.

Odda, 2015-04-17

Utarbeidet:

Ivar Kalkvik

Fagkontroll:

Eirin Sandstå

Godkjent:

Eirin Sandstå

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhoyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.